



Stølsheimen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval:	Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad:	Bergen, Motorhallen
Dato:	04.03.2026
Tidspunkt:	10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Geir Helge Østerbø har meld forfall til møte, vara er kalt inn.
Liv-Anne Aanesen har meldt forfall til møtet. Representant for Modalen kommune, Asbjørn Ekse, er kalt inn til møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/26	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 3/26	Orienteringar og referatsaker		
RS 1/26	Vedtak om overtredelsesgebyr - Stølsheimen landskapsvernområde - [REDACTED] - gjennomføring av stølshus - [REDACTED]	X	2024/3570
RS 2/26	Tilbakemelding - referat frå synfaring ved Solrenningane 221025		2021/16726
RS 3/26	Høring - endringer i regelverket om miljø- og kulturmiljøkriminalitet		2022/575
DS 1/26	Forlenga frist - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Hestfjellet - istandsetting av stølshus		2022/1531
ST 4/26	Stølsheimen verneområdestyre - val av nestleiar - 2026		2024/2160
ST 5/26	Stølsheimen verneområdestyre - Prioritering av tiltaksplan 2026		2026/3067
ST 6/26	Stølsheimen verneområdestyre - møteplan 2026		2026/3236

ST 1/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 2/26 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 3/26 Orienteringar og referatsaker
RS 1/26 Vedtak om overtredelsesgebyr - Stølsheimen landskapsvernområde -
[REDACTED] - gjenoppføring av stølshus - [REDACTED]
RS 2/26 Tilbakemelding - referat frå synfaring ved Solrenningane 221025
RS 3/26 Høring - endringer i regelverket om miljø- og kulturmiljøkriminalitet



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Onstadvegen 25
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3129
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/stolsheimen>

OTTERSKRED EVY
Otterskreda 2
6893 VIK I SOGN

Saksbehandlar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2022/1531-7 432.2

Dykkar ref.

Dato 12.12.2025

Delegert vedtak

Delegasjonssak	9/2025
----------------	--------

Forlengsa frist - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Hestfjellet - istandsetting av stølshus

Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre
04.04.2024, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Stølsheimen verneområdestyret gjev Evy Otterskred 2 år utvida frist for ferdigstilling av arbeidet med istandsetting av stølshuset på Hestfjellet. Ny arbeidsfrist er seinast 31.12.2027.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 3. Løyvet for istandsetting av stølshuset gjeld med vilkåra som vart gjeve av Stølsheimen verneområdestyre i sak 6/22, 21.02.2022.

Dokumenter i saken

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Evy Otterskred om forlenga frist for istandsetting av stølshus på Hestfjellet, datert 09.12.2025
- Disposisjon - Stølsheimen landskapsvernområde - Hestfjellet - istandsetting av stølshus – Stølsheimen verneområdestyre sak 6/22, 21.02.2022
- Søknad frå Evy og Inge Otterskred om istandsetting av stølshus på Hestfjellet, datert 24.01.202224.01.2022, og justert plan for stølshuset, datert 13.02.2022

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90

Søknaden

Otterskred søker om å forlenga arbeidsfristen med to år for ferdigstilling av arbeidet med istandsetting av stølshuset på Hestfjellet. Bakgrunnen for søknad om utsett arbeidsfrist er at



dei ikkje har kome i gang med arbeidet på grunn av mangel på arbeidsfolk til å utføra arbeidet. Dei har no avtalt oppstart sommaren 2026.

Vurdering

Otterskred fekk løyve av Stølsheimen verneområdestyre til istandsetting av stølshuset på Hestfjellet 21.02.2022 - sak 6/22. Det vart sett arbeidsfrist for oppstart av arbeidet til 31.12.2025. Forvaltar viser til vurderingane etter verneforskrifta i sak 6/22, og legg desse til grunn i vurderinga i denne søknaden. Det er ikkje endringar i utføringa av arbeidet, og forvaltar vurderer at utsett arbeidsfrist med to år ikkje vil gje nye verknader på verneområdet.

Med bakgrunn i kunnskapen i sak 6/22 har forvaltar lagt denne kunnskapen og vurderingane til grunn for vedtaket i denne saka. Med dei vilkåra som er sett for løyvet, og vurderingane etter nml. §§ 8 – 12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til utsett arbeidsfrist til 31.12.2027 for ferdigstilling av arbeidet med stølshuset.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Dispensasjon - Stølsheimen landskapsvernområde - Hestfjellet - istandsetting av stølshus

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Statsforvaltaren i Vestland
Vik kommune
SNO Aurland

Postboks 7900
Njøsavegen 2
Postboks 134

5020
6863
6891

BERGEN
LEIKANGER
VIK I SOGN



Arkivsaksnr: 2024/2160-7

Sakshandsamar: Aron Freyr Gudmundsson

Dato: 19.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	4/26	04.03.2026

Stølsheimen verneområdestyre - val av nestleiar - 2026

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre vel ny nestleiar, i medhald av punkt 2 i gjeldande vedtekter av 19.01.2024. Følgjande ny nestleiar vert valt for styreperioden frå 4.mars 2026 til nytt styre er oppnemnt i 2028:

Nestleiar:

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Vedtak om fritak frå politiske verv og val av nytt styremedlem, i perioden februar 2026 – juni 2026 – Stølsheimen verneområdestyre
- Oppnemning av medlemmer til Stølsheimen verneområdestyre, *Miljødirektoratet*, 26.01.2024
- Vedtekter for nasjonalpark- /verneområdestyrer oppnemnt i medhald av naturmangfaldlova § 62. Fastsett av Miljødirektoratet 19.01.2024

Kommunestyret i Modalen har fått søknader om fritak frå politiske verv for Kjetil Eikefet (desember 2025) og Liv Anne Aanesen (februar 2026). På bakgrunn av framlegg frå kommunestyret i Modalen, har kommunen oppnemnt Asbjørn Ekse til å vera styremedlem i verneområdestyret for Stølsheimen landskapsvernområde fram til varamedlem Kjetil Eikefet er tilbake etter sin fritaksperiode 30.06.26.

Sidan Liv-Anne Aanesen var nestleiar i Stølsheimen verneområdestyret må styret no velje ein ny nestleiar.

Miljødirektoratet har 19.01.2024 fastsett felles vedtekter for nasjonalpark- og verneområdestyre som er oppnemnd i medhald av naturmangfaldslova § 62. I medhald av vedtektene punkt 2. siste ledd, skal styret sjølv velja leiar og nestleiar:

«*Nasjonalpark-/verneområdestyret velger selv sin leder og nestleder*».



Vurdering

Styret vel ny nestleiar.



Arkivsaksnr: 2026/3067-3

Sakshandsamar: Aron Freyr Gudmundsson

Dato: 19.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	5/26	04.03.2026

Stølsheimen verneområdestyre - Prioritering av tiltaksplan 2026

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre prioriterer tiltak og tiltaksmidlar for 2026 etter fylgjande tiltaksplan:

Tiltaksplan for Stølsheimen 2026	09.01.2026	04.03.2026
Kort omtale av tiltak	Budsjett	Rev. Budsjett
Framande tresalg		
Fossesete - fjerne smågran i nærområde	20 000	20 000
Framande artar klasespirea vetlestraumen - fjerna	5 000	5 000
Sum framande artar	25 000	25 000
Skjøtsel av kulturlandskap		
*Administrasjon, prosjektleiar	15 000	15 000
Sylvarnesdalen - slått og Hansinaselbøen	19 000	19 000
Rosete - Slå renningar, sølvbunke, tistlar	5 000	5 000
Smørklepp - Slå renningar	4 000	4 000
Åsedalen - Ettersyn	4 000	4 000
Dunevollen - Klyppa vier, småtre og sprake	3 000	3 000
Vatnane - Ettersyn	2 000	2 000
Vøvringen - Kjøppa vier, småtre og sprake	6 000	6 000
Hanekamdalen - Ettersyn	2 000	2 000
Hest - Slå renningar	4 000	4 000
Negardstølen - Slå renningar og tistlar	4 000	4 000
Ytstestølen - Ettersyn	4 000	4 000
Bjørkestølen - Slå renningar	6 000	6 000



Botnadalen - Slå renningar	2 000	2 000
Vindhalsen - Rydde sprake	10 000	10 000
Fidnaselbøen - Slå renningar	3 000	3 000
Finnabotn - Granden/Ytreflåten - rydde ferdig skog	6 000	6 000
Finnabotn - Randsoner slåtemark - Slå renningar	5 000	5 000
Nofence beite med dyr	100 000	100 000
Ekstra tiltak etter synfaring/tilsyn	11 000	11 000
Sum skjøtsel av kulturlandskap	215 000	215 000
Skjøtsel av stølsvegar og stiar		
Rep./vedlikehald av stiar og vegar etter naturskader	60 000	80 000
Vedlikehald av stien mellom Finnabotnen og Fagerdalen	0	0
Sum skjøtsel stølsvegar og stiar	60 000	80 000
Informasjonstiltak		
Vik kommune: Parkeringsplass Tenne. Delfinansiering	50 000	50 000
Innfallsport frå Romarheim kryss	100 000	115 000
Innfallsport Stordalen fjellstove	100 000	115 000
Planlegging startpunkt Vikafjellet - skilt, tiltak, villrein	100 000	115 000
Ferdselsteljer og abonnement	60 000	60 000
Sum informasjonstiltak	410 000	455 000
TOTAL SUM	710 000	775 000

Tabell 1:

Endringar frå budsjett handsama av verneområdestyret 01.12.2025 er merka med blå skrift.

Auke etter tildeling av midlar er merka i grønt.

Utheva i grønt: dekt heilt eller delvis av grunnstøtta.

Forvaltar kan i samråd med styreleiar fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak innan for budsjetttramma.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Føringar for forvaltningsmyndighetane for verneområda – tiltaksmidlar, restaureringsmidlar og SNO-ressursar for 2026, *Miljødirektoratet* 27.10.2025
- Strategi for bruk av tiltaksmidlar i verneområda 2026-2030, *Miljødirektoratet*
- Vedtak – Stølsheimen verneområdestyre – Tiltaksplan 2026, 01.12.2025
- Søknad om tiltaksmidlar for Stølsheimen landskapsvernområde for 2026
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017



Bakgrunn

Stølsheimen verneområdestyre handsama tiltaksplan for 2026 i sak 18/25, 01.12.2025. Det vart på bakgrunn av dette sendt søknad til Miljødirektoratet om kr 710 000 i tiltaksmidler, fordelt på 9 tiltak.

Tiltak 2026	Styre søkte
Skjøtsel av kulturlandskap	215 000
Skjøtsel av stølsvegar og stiar etter naturskadar	60 000
Fjerne framand art - Gran under Fossesete	20 000
Fjerne framand art - Klasespirea	5 000
Innfallsport Stordalen fjellstove	100 000
Innfallsport Romarheim kryss	100 000
Planlegging startpunkt Vikafjellet	100 000
Innfallsport Tenne	50 000
Ferdselsteljar	60 000
Samlet sum	710 000

Miljødirektoratet har handsama søknaden og tildelt **kr 700 000** i tiltaksmidler for 2026 over post 1420.31 «Midlar til tiltak i verneområde». I Miljødirektoratet sin strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde, oppfordrar dei til å prioritere tiltak som direkte motverkar negative påverknadsfaktorar i verneområdet. Vidareføring av allereie igangsett skjøtsel og vedlikehald av eksisterande tilrettelegging bør prioriterast over oppstart av nye tiltak.

Stølsheimen verneområdestyre har for 2026 fått tildelt **kr 75 000** i midlar til grunnstøtte til drift og vedlikehald i samband med tiltak for besøksforvaltning over post 1420.21.

Tildelt midlar 2026	
Tiltaksmidler februar 2026	700 000
Grunnstøtte	75 000
Sum tilgjengelege midlar	775 000

Miljødirektoratet har handsama søknaden om midlar til drift over post 1420.21 «Behovsinnmelding statsforvaltaren». Det vart søkt om kr 215 000 til drift. Beløpet var noko høgare en tala i saksprotokollen, vedtatt 01.12.2025. Grunnen til dette er oppdaterte sum med nye honorar og prisauke. Me vart tildelt **kr 200 000** til drift.



Vurdering

Forvaltar rår til at tiltaksmidlane vert fordelt på tiltaka i tråd med føringane frå Miljødirektoratet.

Sidan me har fått tilnærma det me søkte om av tiltaksmidlar og i tillegg må disponere grunnstøtta til eigna tiltak i tiltaksplanen har me meir midlar i tiltaksplanen enn forventa. Forvaltar føreslår å auke opp samlepotten for «Restaurering av stiar og vegar etter naturskader» da styret har ytra ynskje om å bidra meir til slike tiltak i 2026. Forvaltar føreslår vidare å auke opp på dei tre punkta om utforming av innfallspunkt/startpunkt da dei summene har stått slik i fleire år og det er rimeleg å forvente at prisane kan ha auka for denne typen tiltak.

Det er inngått avtale med Nils Kvamme om skjøtsel i landskapsvernområde i åra frå og med 2024 til og med 2025, med mogelegheit for forlenging av avtalen i inntil to år. Avtalen er inngått med atterhald om finansiering. Nils Kvamme er prosjektleiar for tiltaka og organiserer skjøtselsarbeidet i tråd med prioriteringar i tiltaksplanen, og i samarbeid med forvaltar. Forvaltar tilrår til at avtalen med Nils Kvamme vert forlenga ut 2026.

Skjøtselsarbeidet startar opp etter det er skrive avtale med grunneigarar og utførarar i dei aktuelle områda.



Arkivsaksnr: 2026/3236-2

Sakshandsamar: Aron Freyr Gudmundsson

Dato: 19.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	6/26	04.03.2026

Stølsheimen verneområdestyre - møteplan 2026

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre skal ha jamlege møte i 2026 for å handsama saker i verneområdestyret og fylgje opp tiltak og besøksstrategi i landskapsvernområdet. Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta, kan eit møte avlysast eller utsettast. Ved hastesaker kan det gjennomførast ekstra styremøte i tillegg til dei planlagde møta. Styret avgjer om nokon av møta kan gjennomførast som digitale møte.

Forvaltar foreslår fylgjande møteplan 2026

- 04. mars: Styremøte med revidering av tiltaksplan for 2026. Møtestad Bergen
- 07. april: Styremøte digitalt på Teams
- 28.- 29. mai: Styremøte med synfaring til Finden. Overnatting på Finden.
- 07. september: Styremøte med dialogmøte med rådgjevande utval (RU)
- 01. desember: Styremøte og planleggingsmøte med SNO for 2027

Saksopplysningar

I fylgje vedtektene, bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer det (punkt 5). Stølsheimen verneområdestyre har til vanlig 5 til 6 møter i året. Dei fleste har fysisk oppmøte, og eit plar vere eit to-dagarsmøte med synfaring. I 2025 møtte styret 5 gonger:

- 21. mars: Styremøte med revidering av tiltaksplan i Bergen
- 02. april: Styremøte digitalt på Teams
- 10. juni: Styremøte med synfaring i Ortenvik
- 08. oktober: Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval i Vik
- 01. desember: Styremøte og planleggingsmøte med SNO for 2026



Vurdering

I styremøtet 01.12.2025 vart det bestemte at møteplanen for 2026 skal fastsetjast i møtet 4.mars. Forvaltar foreslår å legge opp til 5 styremøte i 2026, fordelt utover året etter som når det pleier å vere mange/viktige saker å handsame. To viktige møtetidspunkt for verneområdestyret kvart år er i februar/mars med prioritering av tiltak, og i november/desember med planlegging av tiltak for neste år.

For at styret skal få best mogleg kunnskap om verneområdet dei har forvaltningsansvar for, bør nokon av styremøta gjennomførast i kombinasjon med synfaringar i området. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt er mellom juni og september, avhengig av snømengde og mål for synfaringa. Det er derfor lagt opp til eit styremøte med synfaring til Finden i mai 2026.

I Stølsheimen har ein mange år valt å ha dialogmøtet med RU i samband med ei synfaring. I september 2025 var det planlagt dialogmøte og synfaring med styret og RU til Torvedalen, men denne måtte avlysast på grunn av liten påmelding. Det vart derfor gjennomført eit dagsmøte med RU. I 2026 er det også lagt opp til dagsmøte da dette viste seg å gi betre oppmøte frå medlemmane i RU.